



HØYDALSMO IL

ØKONOMISK STØNAD TIL AKTIVE UTØVARAR.

REGELVERK:

1. **Aldersgrense 17 år og eldre.** Søknaden gjeld for påfølgjande år. Fyrste gong du kan søkje er du 16 år og 17 år det året søknaden gjeld. Det blir prestasjonane og aktiviteten då du er 16 år som blir lagt til grunn.
2. Søknaden skal vera skrifteleg og innehalde dokumentasjon på prestasjonar og aktivitet.
 - a. **Søknaden sendast til leiaren i HIL innan 1.okt for søknad om stønad påfølgjande år. Søknad må sendast kvart år.**
3. Leiaren sender søknadane på høyring til den respektive gruppe utøveren høyrer inn under. Ordninga lysast ut i VTB og på heimesida til HIL ca. 1. sept .
4. Utøveren skal representere HIL og ha betalt medlemskontingent i det året ein søkjer.
5. Kostnadane vert ført over hovudstyret sitt rekneskap.
6. **Kriteriet for å kunne tildele stønad -utover alder:**
 - a. Utøvarar må:
 - *Ha delteke i fleire konkurranser siste året i den greina ein søkjer*
 - *Vist resultatmessig framgang og treningsiver.*
 - Dette må dokumenterast i søknaden.

- b. Utøvarar som går på vidaregåande skule.
 - Får utbetalt stønad mot kvittering vedk. utgifter til
 1. aktivitet som treningssamlingar
 2. reiser til treningsamling
 3. utstyr
 4. konkurranse
 5. Skulepengar

- 7. Beløpsnivå blir teke opp til drøfting i styret kvart år i samband med godkjenning av budsjettet til hovudstyret. Dette er årsmøtesak.

- 8. Ein har følgjande summar pr. 2010.
 - a. 17,18 og 19 år inntil kr 10.000
 - b. 20 år og oppover inntil kr 20.000

- 9. Det vert i tillegg gjeve stønad til NM og hovudlandsrenn.
 - a. Dette gjeld reise på billigaste måte og opphald.
 - b. Dersom kretsen dekkjer, så kjem det i frådrag.
 - c. Det same gjeld dei som vert uttekne av krets eller forbund til trening /samlingar /kampar.

- Reisestønad er pr. i dag kr 2,0 kr/km for bil eller kvittering for tog og buss.

- 10. Dersom laget sin økonomi sviktar, er dette grunnlag for ikkje å dele ut stønad etter dette regelverket eller avgrense den ytterlegare.

25.10.10